



Retningslinjer for arrangementsfondet

i Ål kommune

Vedteke i K-sak 11/07



Innhold

1. MÅL OG VERKEMIDDEL

2. TILSKOT FRÅ ARRANGEMENTSFONDET
 - 2.1 Fondet
 - 2.2 Kven kan søkje tilskot
 - 2.3 Vilkår
 - 2.4 Krav til søknaden
 - 2.5 Forelding
 - 2.6 Administrativ prosedyre
 - 2.7 Plikter og rettigheter

3. MISLEGHALD

1. MÅL OG VERKEMIDDEL

I Ål kommune blir det arrangert ei lang rekke små og store arrangement i løpet av eit år. Nokre arrangement er på årleg basis, andre berre for eit år. Ved kvart arrangement blir det engasjert mykje frivillig innsats, noko som er avgjerande for at arrangementa skal klare seg økonomisk.

Økonomisk stønad til lag, organisasjonar, bedrifter og andre arrangørar er eit sentralt verkemiddel i utvikling og realisering av arrangement i Ål. Arrangementsfondet i Ål kommune skal nyttast til å stimulere og utvikle nye og eksisterande arrangement med stor marknadsføringsverdi for Ål.

2. TILSKOT FRÅ ARRANGEMENTSFONDET

2.1 Fondet

Arrangementsfondet i Ål kommune har ein grunnkapital på 130.000,-. Fondet er bygd opp av midlar frå Næringsfondet.

Formannskapet er styre for fondet.

Tilskot er avhengig av at det til ei kvar tid er løyvd midlar til ordninga. Tilskot blir gjeve innanfor ramma av vedteke budsjett.

Fondet blir fylt opp med 130.000,- ved kvart årsskifte. Midlar som ikkje blir nytta blir automatisk sett av til bruk påfølgjande år. Vert midlane ikkje brukt påfølgjande år, blir dette attendeført til Næringsfondet.

30.000,- pr år skal nyttast til samarbeidstiltak mellom arrangement i Ål. Desse midlane skal forvaltas av eit formelt arrangementsforum.

2.2 Kven kan søkje tilskot

Organisasjonar, institusjonar og personar i Ål kommune kan få tilskot til å utvikle og realisera arrangement.

Det blir ikkje gjeve tilskot til lands- og fylkesorganisasjonar.

Arrangement som primært har som oppgåve å ta vare på medlemene sine yrkes- og eller økonomiske interesser og organisasjonar som ikkje er opne for alle, kan ikkje rekne med å få tilskot.

Reine kommersielle tiltak har ikkje rett på tilskot.

2.3 Vilkår

Fondet gjev tilskot til lokale arrangementet som har stor marknadsføringsverdi for Ål. Det kan og løyvast tilskot til eksterne arrangørar som ynskjer å ha eit arrangement i Ål.

- Tilskot kan løyvast til alle typar utgifter i samband med arrangementet.
- Tilskot kan ikkje løyvast til same arrangement to gonger. Unntak kan gjerast dersom vesentlege endringar i arrangementet t.d. nye satsingsområde og/eller marknader er venta å gje vesentleg større ringverknader av arrangementet.
- For tilskot til samarbeidstiltak mellom arrangement i Ål vert det kravd 50 % eigenkapital.
- Samarbeidstiltak mellom arrangement skal til einkvar tid ha ein ansvarleg leiar.

2.6 Krav til søknaden

Søknaden skal beskrive kven søkjaren er, beskrive arrangementet og kvifor dei søker. Saman med søknad skal det ligge eit realistisk budsjett for arrangementet.

2.6 Forelding

Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan 3 år blir ført attende til næringsfondet.

2.6 Administrativ prosedyre

- Det er ingen søknadsfristar for arrangementsfondet.
- Saka blir avgjort av administrasjonen ved søknader om tilskot under kr 50 000 og formannskapet ved søknader større enn dette.
- Saka blir handsama administrativt innan 2 veker frå søknaden er mottatt.
- Formannskapet vil normalt handsame saker i fyrste møte etter den administrative sakshandsaminga er utført.
- På grunnlag av søknad og budsjett avgjer administrasjonen/formannskapet storleiken på eventuelt tilskot.
- Dersom dei faktiske kostnadene er mindre enn budsjettet, blir tilskotet tilsvarende mindre.
- Fyrste halvpart av tilskotet kan utbetalast når arrangementskostnadane er komen opp i ca. halvparten av dei budsjetterte kostnadane. Siste halvpart av tilskotet blir utbetalt når arrangementet er fullført og kostnadane kan dokumenterast.
- Klage på administrativt vedtak skal sendes administrasjon for ny handsaming. Dersom dei held fast på vedtaket, blir klaga lagt fram for formannskapet.
- Klage på vedtak gjort i formannskapet skal sendes formannskapet for ny handsaming. Dersom dei held fast på vedtaket blir klaga lagt fram for Klagenemnda.
- Klagefristen er 3 veker.
- Tilskot til samarbeidstiltak vert gjeve når dei samarbeidande arrangementa stiller med tilsvarende eigenkapital(matchingskapital).

2.7 Plikter og rettigheter

Det er søkjar si plikt å gje rette opplysningar i søknaden og å fylgje retningslinene og vilkåra som gjeld ved utbetaling av tilskot.

Det er søkjar sin rett å få svar på kven som er sakshandsamar og når dei kan vente å få handsama søknaden.

Dersom det er ønskeleg kan søkjaren be om møte med sakshandsamar. Sakshandsamar vil viss det trengs kontakte søkjaren og evt. andre relevante personar/miljø for tilleggsopplysningar.

3. MISLEGHALD

Ål kommune kan krevje at utbetalt tilskot blir attendebetalt heilt eller delvis dersom tilskotsprosjektet blir overdrege til andre, flytta, nedlagt eller på annan måte vesentleg endra, slik at det opphavlege grunnlaget for tilskot fell bort. Slik attendebetaling kan skje inntil 3 år etter at tilskotet er gitt.